

AD NABOVARSEL FRÅ BOLIGUTVIKLING VEST AS SIN EIGEDOM 239/95 I ALVER KOMMUNE

Vi er blitt gjort kjent med at det er sendt ut nabovarsel for tomt 239/95 i Breivika i Alver kommune med svarfrist 13.juli d.å. Nabovarselet gjeld oppretting av ny matrikkeining på gnr. 239 bnr. 95 i Alver kommune. Ein viser til vegrett via Breivika.

At ein vel å sende ut nabovarsel no i ferien og unnlater å varsle dei som bur i Breivika i dag verkar å vere litt spekulativt, men sidan søknaden etter vårt syn strir imot reguleringsplanen for området frå 1978 og vil ha stor påverknad på trafikken i Breivika , finn vi grunn til å komme med følgjande merknader til søknaden:

- **Reguleringsplanen**

Vedteken reguleringsplan frå 1978 seier at arealet skal byggast ut med einebustader som vist i planen, og der viser kartet innteikna ein einebustad pr. tomt. Det er vidare påpeikt at ein skal oppfordre til ei skånsam markering av tomtegrensene, ved eksempelvis å nytte vekstar av ymse slag for å skilje mellom naboar, og djupe skjeringar på 239/95 mot nord og aust vil på ingen måte tilfredsstille desse krava slik vi ser det.

Eit friområde ved sjøen («badevika») gir tomtene tilkomst gjennom ein etablert sti som ligg mellom 239/11 og 239/95, og djupe skjeringar tett inntil denne stien vil også vere i strid med intensjonane i reguleringsplanen.

Det er og grunn til å påpeike at med så omfattande naturinngrep som skissert i kort avstand frå badeplassen og innanfor strandsona, så er det spørsmål om ikkje dette kan vere i strid med sjølve Plan og Bygningslova.

- **Vegrett i Breivika**

I søknaden er det påpeikt at tomtten har vegrett via Breivika. På kartet kan det i utgangspunktet sjå greitt ut viss ein ser overflatisk på det og ikkje les kotane som er innteikna på kartgrunnlaget, men for oss som har budd her sidan 1980 er erfaringa at vegen slik den ligg i dag er heilt ueigna til dette bruket. Før vegen i Kaldalen vart bygt, opplevde ein fleire gonger at lastebilar som skulle tømme VA-anlegget, vart sitjande faste og måtte ha slepehjelp for å komme opp den bratte bakken. Vegen har fire 90-graderssvingar som gjer det uråd å skape fart, og med vinterlege forhold vil det vere uråd å nytte vegen. Det er verd å merke seg at kommunen har inngått avtale med bebuarane i Kaldalen om at desse bilane no får tilkomst gjennom Kaldalen. Som «motyting» har kommunen tatt ansvaret for snøbrøytinga. Dette viser at vegretten gjennom Breivika ikkje vil vere eigna for bebuarane nederst i Breivika. Kaldalen er einaste realistiske alternativet, men her kan det komme privatrettslege tvistar etter det eg har forstått.

I Breivika ser vi at det er i ferd med å skje eit generasjonsskifte, noko som fører til fleire mindreårige barn tilknytta feltet. Periodevis stor trafikk med kjøretøy av ymse slag vil gjere bumiljøet utrygt da vegen manglar både breidde og fortau og er ganske bratt.

- **Kulturminne**

Langs med stien som gir tilgang til friområdet ved sjøen, ligg det ein gammal jordkjellar/potetkjellar. Den bør absolutt takast vare på, for tillik med gamle steingardar, grunnmursrestar etter utløer/ torvhus etc., så må og dette karakteriserast som eit kulturminne og derfor vernast. Med dei omfattande naturinngrepa som er skissert i søknaden er eg sterkt tvilande til at dette er mogleg å gjere, og vil også av den grunn gå mot deling av tomtten.

KONKLUSJON

Vi vil be Alver kommune om å ikkje innvilge rett til å opprette ei ny matrikkeleining på gnr 239 bnr 95.

Med vennleg helsing frå oss på gnr. 239 bnr 84

Kristine Grønås Rusten (sign)

Svein Magne Rusten(sign)